



Sveio kommune



Administrativ organisering av Sveio kommune



Foto: Ida Vollum



Administrativ organisering av Sveio kommune

1. Innleiing

Dette dokumentet viser hovudtrekk i kommunen si administrative oppbygging. Dokumentet skal vere kjent for alle tilsette og er gjeldande frå 01.08.2013.

2. Verdigrunnlag

Verdigrunnlaget skal gjenspegle Sveio kommune sin visjon: Vilje til vekst – ein god stad å bu.

Vør:

- *Uredd*
- *Raus*
- *Open*
- *Lojal*

3. Målsettinger


Samfunnsoppdraget skal gjennomførast i samsvar med politiske mål. Sveio kommune er ein lærande organisasjon som sett innbyggjaren i sentrum.

I Sveio kommune ...

- leverer me tenester av god kvalitet. Kommunen skal gje eit differensiert og tilpassa tenestetilbod i tråd med sentrale overordna føringar
- arbeider alle tilsette for at Sveio kommune er ein god servicekommune
- er alle tilsette fleksible og handlar saman på tvers av faggrenser og einingar
- verdsett leiarar ulik kompetanse og styrkar den faglege kompetansen hjå dei tilsette
- arbeider alle tilsette aktivt for eit godt arbeidsmiljø
- har alle tilsette eit miljøansvar



4. Organisasjonskart





5. Møtestruktur

5.1. Leiar møte

Kven: Rådmann, kommunalsjefar og økonomisjef.

Møte: 3-4 gonger i månaden (kort referat).

Føremål/oppgåver:

- Utøve strategisk leiing og koordinering
- Politisk premissgjevar. Hovudansvar for iverksetting av politiske vedtak
- Overordna ansvar for organisasjonsutvikling/ organisering av verksemda

Møtet vert utvida ved behov.

5.2. Leiarforum

Kven: Rådmann, økonomisjef, kommunalsjefar, leiarar stab/støtte, einingsleiarar og leiarar KF.

Møte: 1 gong i månaden (referat).

Føremål/oppgåver:

- Forumet skal nyttast i strategisk utviklingsarbeid
- Oppnå felles forståing av leiarrolla / legge til rette for leiarutvikling i Sveio kommune
- Oppnå føremålsteneleg arbeidsdeling og diskutere/ klargjere grenseliner mellom eining, stab/støtte og kommunalsjefar
- Stimulere til open og reflekterande arbeidsform i organisasjonen

5.3. Fellesmøte

Kven: Rådmann, økonomisjef, kommunalsjefar, personalleiar og HTV.

Møte: 6 gonger i året. HTV og rådmannen kan melde inn saker (referat).

Føremål/oppgåver:

- Ivareta forholdet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar
- Dele informasjon
- Skape eigarskap til organisasjonsmessige- og andre prosessar blant flest mogleg tilsette i kommunen
- Fellesmøtet oppfyller krav i lovverk og hovudavtale



6. Konkretisering av roller og oppgaver

6.1. Kommunalsjef

- Kommunalsjefane representerer rådmannen
- Kommunalsjefane har rammeansvar for sine område. Det betyr høve til å omdisponera midlar innanfor dei ulike rammeområda. I tillegg betyr det eit hovudansvar for oppfølginga av einingsleiarane under dei respektive rammeområda
- Økonomisjef har på vegne av rådmannen ein overordna kontrollfunksjon med omsyn til budsjettoppfølging. Økonomisjef har ei koordinerande/ leiande rolle knytt til budsjett- og budsjettoppfølgingsprosess i kommunen

6.2. Leiar stab- /støtteeiningar

- Det er fem stab-/støtteeiningar
- Stab/støtte leverer støtte til heile organisasjonen, gir råd til leiinga i faglege spørsmål og kan ha ei overordna koordinerande rolle
- Einingsleiar har personalansvar, økonomiansvar og fagleg ansvar

6.3. Einingsleiar

- Einingsleiar står ovanfor kommunalsjef/ rådmann ansvarleg for eininga sitt resultat
- Einingsleiar har personalansvar, økonomiansvar og fagleg ansvar
- Leiaravtaler regulerer forventningar mellom kommunalsjef/rådmann og eining
- Lovverket, sentralt kommunalt reglement (til dømes personalreglementet), avtaler og andre administrative retningslinjer regulerer handlingsrommet til einingsleiarane

7. Viktige vedlegg til dette dokumentet (oppdatert versjon ligg i kvalitetssystemet)

- 7.1. Administrativt delegeringsreglement
- 7.2. Personalhandbok
- 7.3. Tenesteavtaler:
 - Avtale mellom sentraladministrasjon og eining
 - Avtale mellom bygg og anleggseigar og brukar
- 7.4. Leiaravtaler
- 7.5. Internkontrollsystem